

# Kommunedelplan for oppvekst Osterøy kommune

**Trygg – glad – sterk - kompetent**

---

Utkast til planprogram

**Sektor for oppvekst, undervisning og kultur**

revidert dato: 03.11.17 | vedtak: HSSak XXX/17 | planID 12532015009



**Osterøy kommune**

*Utvikling, samhold, livskvalitet*



## Innhald

1.	Innleiing.....	3
1.1	Planprogram.....	3
1.2	Føremål med planarbeidet.....	3
1.3	Bakgrunn, rammer og føresetnader for planarbeidet.....	4
1.3.1	Overordna føringar for planarbeidet.....	5
2.	Planarbeidet.....	5
2.1.	Aktuelle tema.....	5
2.1.1.	Relasjonar.....	6
2.1.2.	Fysisk oppvekstmiljø.....	8
2.1.3.	Psykisk og fysisk helse.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.1.4.	Læring.....	9
2.1.5.	Mangfald, inkludering og toleranse.....	10
2.1.6.	Kultur og fritid.....	12
2.1.7.	Påverknad.....	13
2.2.	Kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov.....	14
2.3	Medverknad.....	15
2.3.1.	Mål for medverknad i planarbeidet.....	15
2.4.	Handlingsdel.....	16
2.5.	Organisering.....	16
2.6.	Framdrift.....	17

# 1. Innleiing

Jamfør gjeldande planstrategi for Osterøy kommune er det ei prioritert oppgåve å få utarbeida ein kommunedelplan for oppvekstområdet.

Planen skal vere styrande i høve prioritering av innsats og ressursar for å nå fastsette mål innan kommunen sine tenester. Planarbeidet skal lande, definere og skildre desse målsettingane og prioriteringane for området oppvekst.

Avgrensinga for tema *oppvekst* som kommunedelplanen skal omhandle er i samband med planarbeidet definert å gjelde for barn- og unge i alderen -0 til 25. Dette for å famne om alle gruppene kommunen i si tenesteproduksjon er i kontakt med, og på eit eller anna vis kan få ansvar for. Denne aldersgruppa er også vurdert som svært viktig for kommunen sin førebyggjande innsats og for langtidsverknaden av folkehelsearbeidet.

Oppvekst som tema er breitt og omfattar delane av kommunen som helsestasjon- og jordmortenesta, barnehage, skule, SFO, vaksenopplæringa, kulturskulen, biblioteket og «Familiens hus» som består av barnevern, PPT og tverrfagleg teneste. Utover kommunen sin tenesteproduksjon er element som frivillig sektor, psykisk- og fysisk oppvekstmiljø viktige område. Miljø innan idrett, musikk, teater, friluftsliv og andre organiserte og uorganiserte fellesskap har stor betydning for barn sin oppvekst og trivsel. Familierelasjonar og andre relasjonar set rammene for kvaliteten i oppvekstmiljø.

## 1.1 Planprogram

Eit planprogram skildrar rammer, fokusområde og prosess for planarbeidet som skal gjennomførast. I § 4-1 i Plan- og bygningslova står det om planprogram:

*«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkningar for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.»*

*Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.»*

## 1.2 Føremål med planarbeidet

Kommunedelplanen for oppvekst skal vere eit operativt utviklings- og styringsverktøy på kort og lang sikt. Planen skal legge tydelege føringar og rammer for utvikling av kommunen i eit framtidsperspektiv. Kommunedelplanen bør ta omsyn til alle møtepunkt som omhandlar temaet «oppvekst» som til dømes barnevern, jordmortenesta, helsesøster, barnehage, skule, frivillig sektor, NAV, osv.

Som eit utgangspunkt må ein ha med seg **tidleg innsats, folkehelse og livskvalitet som eit bakteppe gjennom planarbeidet**. Det er viktig å tenkje bredt, tverrfagleg og på tvers av ansvarsområde og sektor i utarbeiding av kommunedelplanen.

#### **Hovudmål for planarbeidet:**

- **Legge til rette for at komande generasjonar kan utvikle seg til å verta barn, unge og vaksne som mestrer notida og framtida.**
- **Peike ut verkemiddel og moglegheiter kommunen har til å påverke og forsterke ei slik utvikling.**
- **Planarbeidet må konkretisere tverrfagleg og tverrsektoriell samhandling for å nå fastsette mål, her under kommunal og frivillig sektor.**

Kommunedelplanen er føreslege delt inn i sju hovudtema og kvar av desse vil ha delmål knytt til planarbeidet for å nå hovudmåla for oppvekstvilkår i Osterøy kommune. Sjå meir i kap. 2.1.

Kommunedelplanen skal vidare fastsetje strategiar og tiltak for å oppnå konkrete mål i handlingsdelen, samt foreslå evalueringssystem eller andre metodar for å følgje opp dei aktuelle målsettingane (målstyring). Desse må innarbeidast i økonomiplan og følgjast opp i budsjett.

### **1.3 Bakgrunn, rammer og føresetnader for planarbeidet**

Kommunedelplanen for Oppvekst inngår i eit rullerande plansystem som er kjent og forankra politisk og administrativt. Jamfør Plan- og bygningslova § 11-2 skal den vurderast kvart fjerde år og handlingsdelen til planen skal vurderast årleg.

Kommunen har òg starta arbeid med Kommuneplanen sin samfunnsdel (Samfunnsplanen). Denne skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon, og vera eit godt styringsverktøy for å møte utfordringane og moglegheitene framtida byr på. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha ein handlingsdel som skal sikra rett innsats og prioritering av ressursar for å nå målsetnadane for ønska samfunnsutvikling ein har sett seg som resultat av planprosessen.

Denne tilnærminga vil i stor grad også vere relevant for Oppvekstplanen. Det kan vere potensiale i parallelle prosessar og tverrfagleg, tverrsektoriell samordning mellom dei to planarbeida. I planprogrammet for Samfunnsplanen er det peika ut fem hovudtema som òg vil vera viktige for oppvekstplanen:

- Møte mellom fortid og framtid
- Klimaendringar
- Eit berekraftig samfunn
- God folkehelse for alle
- Eit trygt samfunn

### 1.3.1 Overordna føringar for planarbeidet

Ei rekkje statlege, regionale og kommunale føringar skal takast omsyn til i arbeidet med kommunedelplanen, t.d. rikspolitiske retningslinjer, rettleiarar, stortingsmeldingar osv. Dei statlege føringane er oppsummerte i nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging.

Det er vidare sentralt at ein i planen tek omsyn til dei økonomiske realitetane kommunen står ovanfor. Det er ein føresetnad for berekraftig samfunnsutvikling at kommunen har ein sunn økonomi med driftsresultat som sikrar økonomisk handlefridom. Det er viktig å fokusere på tema som er relevante og strategisk viktige for kommunen. Områda må vere reelle for endring og politisk styring. Tabellen under syner ei liste over nasjonale, regionale og lokale føringar for kommuneplanarbeidet. Lista er ikkje uttømmende.

Nasjonale føringar	Regionale føringar	Lokale føringar
<ul style="list-style-type: none"><li>Nasjonale forventingar</li><li>Barnekonvensjonen</li><li>Folkehelselova</li><li>Stortingsmeldingar</li><li>NOU-publikasjonar</li><li>Aktuelle lover for kommunen og dei ulike tenestene</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Regional plan for folkehelse 2014 – 2025: Fleire gode leveår for alle</li><li>Regionale satsingsområde</li><li>Regional kulturplan</li><li>Regional klimaplan</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Kommuneplanen sin samfunnsdel (planprogram pr. november 2015)</li><li>Andre kommunale planar og vedtak</li></ul>

## 2. Planarbeidet

Planprogrammet peikar ut hovudtema ein har vurdert som viktige å prioritere i planarbeidet. Planarbeidet med kommunedelplanen må i tillegg skildre kva betydning hovudtema i samfunnsdelen vil ha for oppvekstvilkåra i Osterøy.

### Målstyring:

- For dei fleste utvalde tema og målsettingar i planarbeidet vil det vere viktig å revurdere og eventuelt foreslå nye evalueringssystem eller andre metodar for å følgje opp dei aktuelle målsettingane.

### 2.1. Aktuelle tema

Dei tema som er skildra i planprogrammet er vald ut gjennom drøftingar og gruppearbeid med politikarar og administrasjonen. Tema vil vere retningsgjevande for resten av planarbeidet. Ein vurderer at temautvalet no er hensiktsmessig og dekkande for dei fagområda og samfunnsomsyna som oppvekstplanen bør omhandle for å ivareta oppvekstvilkåra til barn, unge og unge vaksne i Osterøy dei næraste åra. Ein må utgreie oppveksttema i høve til *oppveksttrappa*, det vil sei i høve til alder og oppvekstfasane til barn og unge. Unge vaksne er mindre synlege i tenestetilbodet til kommunen, men det er viktig at oppvekstplanen dekkjer tematikk som særskilt gjeld unge vaksne. Til dømes lærlingeplassar, bustadtilbod/gjennomgangsbustader, høgare utdanning, osv.

Planen skal svare på korleis kommunen gjennom alle øvrige tema skal jobbe for at alle grupper skal oppleve meistring, og bidra til å redusere einsemd. I tillegg skal planarbeidet ta omsyn til særleg sårbare grupper og barnefattigdom.

## 2.1.1. Mangfald, inkludering og toleranse

**Mål:** barn, unge og unge voksne skal utøve og forstå verdien av mangfald, inkludering og toleranse. Osterøy kommune skal ha nulltoleranse for utestenging og mobbing.

### Bakgrunn

Eit inkluderande og mangfaldig samfunn er kulturelt betinga og byggjer på verdiar som respekt og toleranse for det som er annleis enn oss sjølve og at ingen vert ekskludert. Å kjenne seg som del av eit fellesskap anten i barnehage, skule, arbeid eller i fritida er viktig for alle, men barn er særleg sårbare for einsemd og å bli ståande utanfor. Dette har store ringverknader på kort sikt for dei barna og unge det gjeld, men også for samfunnet har dette langvarige konsekvensar. Aksept og toleranse er blitt eit viktig tema i notida og ein antar det vil bli enda viktigare i framtida.

---

### Planarbeidet skal:

- **Utgjeie ulike verktøy og metodar for å lære barn, unge og unge voksne om verdien av mangfald, inkludering og toleranse.**
- **Fastsette strategisk og systematisk tilnærming for kommunen sitt arbeid med mangfald, inkludering og toleranse.**



## 2.1.2. Relasjonar

**Mål:** Barn og unge i Osterøy kommune skal oppleve å ha gode relasjonar til andre barn og vaksne i heimen, barnehagen, på skulen og på fritida. Med *oppleve* meiner vi frå barnet sitt utgangspunkt.

### Bakgrunn

Gode og trygge relasjonar er avgjerande for barn si utvikling og livskvalitet. Kommunen skal jobbe for å sikra at alle barn og unge har eit stabilt og utviklingsstøttande oppvekstmiljø kor dei kan utvikle seg til å bli sjølvstendige individ som opplev mestring i eige liv.

---

#### Planarbeidet skal:

- Få oversyn over viktige relasjonar for barn og unge..
- Skildre korleis ein systematisk og kontinuerleg kan styrkje omsorgsgjevarar, profesjonelle og frivillige aktørar sin relasjonskompetanse ovanfor barn og unge.
- Adressere korleis ein systematisk og kontinuerleg kan styrkje barn og unge sin samspels- og relasjonskompetanse.
- Adressere korleis ein kan sikre god kontinuitet og gode overgangar i barn sine relasjonar i samband med nye situasjonar. Som til dømes overgang til ny skule, barnehage og liknande.
- Utgreie korleis ein kan oppdage og arbeide for å verne barn og unge frå skadelege relasjonar.



### 2.1.3. Psykisk og fysisk helse

**Mål:** leggje til rette for utvikling av god psykisk og fysisk helse.

#### Bakgrunn

God psykisk og fysisk helse er viktig for barn og unge sin livskvalitet og for å mestre ulike fasar i livsløpet. Tenesteområda i kommunen har stor moglegheit til å påverke innan desse tema.

I høve psykisk helse så veit vi at 5-20 prosent av barn og unge mellom 3 og 18 år har nedsett funksjon på grunn av psykiske plager som angst, depresjon og adferdsproblem. Personer med psykiske vanskar i barne- eller ungdomsåra har auka risiko for å oppleve psykiske plager og psykiske lidningar seinare i livet og kan falle utanfor det sosiale fellesskapet og få problem med å fullføre utdanning eller fungere i yrkeslivet.<sup>1</sup>

I høve fysisk helse så er regelmessig og variert fysisk aktivitet er avgjerande for barn og unge sin normale vekst og utvikling. Fysisk aktivitet førebygg sjukdom og kan gje eit betre sjølvbilete, betre sosial tilpassing, auka tru på eigen mestring og auka trivsel. I tillegg er fysisk aktivitet viktig for læring<sup>2</sup>. Tidleg innsats kan ha stor betydning for at barn og unge får gode haldningar til fysisk aktivitet og kosthold.

---

#### Planarbeidet skal:

- **Utgjeie korleis kommunen kan arbeide for å styrke psykisk og fysisk helse gjennom sin tenesteproduksjon og forvaltning.**
- **Utgjeie korleis til dømes barnehage og skule, kan stimulere og motivere til auka fysisk aktivitet**
- **Skissere ulike mestringsstrategiar og verktøy for å bygge god psykisk og fysisk helse for barn og unge og dei som arbeider med barn og unge.**
- **Utgjeie korleis kommunen kan arbeide for å førebygge psykiske plager**
- **Foreslå tiltak for å redusere konsekvensar av barnefattigdom**

---

<sup>1</sup> Folkehelseinstituttet. 03.02.17

<https://www.fhi.no/nettpub/hin/helse-og-sykdom/psykisk-helse-hos-barn-og-unge/>

<sup>2</sup> Folkehelseinstituttet. 03.02.17

<https://www.fhi.no/nettpub/barnehelserapporten/helse-og-levevaner/4.2.-fysisk-aktivitet/>

---

## 2.1.4. Læring

**Mål:** Å gje born og unge og unge vaksne i Osterøy kommune relevant kunnskap, dugleik, haldningar og evne til omstilling for å leve eit godt liv som individ og medborgar.

### Bakgrunn

Læring er ein livslang prosess gjennom leik, fritid, barnehage, skule og arbeid. Dagens læring er del av ein tradisjon som legg vekt på reproduksjon av kunnskap. For å meistre eit samfunn i endring med stor informasjonsflyt er det viktig med sosial læring, eigen tryggleik, evne og vilje til endring, kreativitet, og kritisk sans.

---

#### Planarbeidet skal:

- Fastsetta framtidig retning og strategi for læring og læringsmiljø i barnehage og skule i Osterøy her under inkluderande opplæring, likeverdig opplæring, samt godt og trygt læringsmiljø
- Planen må fastsette lokale mål om behov for læring og korleis ruste barn for framtida. Sentrale omgrep er djupnelæring, praktisk, variert, relevant og utfordrande opplæring, omstillingsevne, livsmeistring, medborgarskap, kreativitet og kritisk sans.
- Fastsette mål og strategi for korleis barn og unge skal kunne forstå betydinga av å påverka eigen utvikling.
- Fastsette mål og strategi for korleis barn og unge skal kunne forstå betydinga av møte mellom fortid og framtid.



## 2.1.5. Fysisk oppvekstmiljø

**Mål:** Osterøy kommune skal ha eit fysisk oppvekstmiljø som er trygt for barn, unge og unge vaksne og som legger til rette for betre fysisk helse, aktivitet, sosial interaksjon og inkludering.

### Bakgrunn

Den fysiske utforminga av bu- og nærmiljøa til born og unge har stor betydning for utviklinga av deira fysiske og psykiske helse. Ulike arenaer for fysisk aktivitet representerer også viktige sosiale møteplasser og har betydning for, leik, fellesskap og tilhørighet.

Ein har valt fysisk oppvekstmiljø som eige tema for planarbeidet fordi det er ulike tiltak og verkemiddel som kommunen kan ta i bruk for å nå desse målsettingane, samanlikna med til dømes kap. 2.1.3 psykisk og fysisk helse

---

### Planarbeidet skal:

- Vurdere korleis ein med tilrettelegging kan auke barn sin fysiske aktivitet og positiv interaksjon mellom barn og barn og vaksne.
- Utarbeide strategi for å etablere lavterskeltilbod for auka aktivitet for barn, unge og unge vaksne
- Vurdere korleis ein kan sikre trygg og lett tilkomst til barn og unge sine arenaer og tilbod
- Sette rammer for kvalitetskrav til kommunale byggeprosjekt som omfattar barn og unge.
- Utreie korleis natur og friluftsliv kan gjerast tilgjengelig for fleire og spele ei positiv rolle i barn, unge og unge vaksne sitt kvardagsliv. (Døme: nærbadeplass, snarvegar og liknande.)





## 2.1.6. Kultur og fritid

**Mål:** barn, unge og unge voksne skal ha eit variert, tilpassa og tilgjengeleg kultur- og fritidstilbod.

### Bakgrunn

Kultur og fritid er viktig for personleg utvikling og sosialt fellesskap. Osterøy har i fleire tiår hatt eit rikt kulturliv og mange fritidstilbod, men dette har vore avhengig av frivillige bidrag. Osterøy kommune har vore lite deltakande i utviklinga av eit variert kultur- og fritidstilbod i kommunen. I den siste tida ser ein at mange ungdommar fell frå organiserte aktivitetar. Dette kan skuldast at det er utfordrande å ha tilstrekkelig med tilbod til at det dekker alle behov.

---

#### Planarbeidet skal:

- Kartlegge tilbod og variasjon, samt behov blant kultur- og fritidsaktivitetar for barn og unge
- Utreie tiltak som kan betre tilgang og gi lågare terskel for deltaking
- Fastsette mål for utvikling av meningsfulle kultur- og fritidsarenaer som gir meistring og gode opplevingar.
- Utarbeide strategi for å etablere lavterskeltilbod for barn og unge.



## 2.1.7. Samfunnsengasjement og påverknad

**Mål:** Å leggje til rette for at alle born, unge og unge vaksne kan bidra til å utvikle lokalsamfunnet og ta barn si involvering, medverknad og engasjement på alvor og gje dei reell påverknad i besluttingsprosessar.

### Bakgrunn

Påverknad i demokratiske prosessar er viktig for forankring, forståing, eigarskap, definisjonsmakt og måloppnåing for dei ulike prosjekta/prosessane.

---

#### Planarbeidet skal:

- Vise barn, unge og unge vaksne korleis dei kan påverke og ha stemme inn i dette planarbeidet.
- Fastsette mål og strategi for korleis barn, unge og unge vaksne skal kunne forstå betydninga av å engasjere seg i samfunnet si utvikling.
- Fastsette mål og strategi for å innarbeide barn og unge sin medverknad i kommunen sitt arbeid på system- og politisk nivå.
- Gje barn og unge i ulike aldrar definisjonsmakt og moglegheit til å påverke samfunnsutviklinga gjennom medverknad som er tilpassa alder og engasjement.



## 2.2. Kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov

### Eksempel på kjente kjelder:

- Folkehelsestatistikk/profil 2016
- KOSTRA tal
- Kommunebarometeret
- Folketalsutvikling (SSB)
- Ung Data undersøkinga
- Spekter
- Notat om utfordringar og kunnskapsgrunnlag utarbeida av psykolog ved Familiens Hus

### Døme på ytterlegare informasjon og kunnskap til vurdering i planarbeidet:

- Nytt revidert utfordringsnotat for oppvekst jf. arbeidet med ny planstrategi
- Kartlegging og innhenting av informasjon om:
  - Kritiske fasar og sårbare periodar for born og unge/unge vaksne.
  - Mobbing, trivsel i nærmiljø, trivsel i skule, og demografisk samansetting.
  - Det kulturelle tilbodet som fins på Osterøy i dag.
  - Kva barn og unge interesserer seg for og kva dei ønskjer å drive på med i fritida
  - Ressursar i kommunen knytt til moglege kultur- og fritidstilbod (personar, område, bygningar osv.).
  - I kor stor grad ulike lag og organisasjonar har sosial tilrettelegging.
  - Omfanget av barnefattigdom.
  - Manglande infrastruktur for mjuke trafikantar mellom eksisterande bustadmiljø og relevante fritidstilbod.
  - Snittalder på førstegangsforeldre

Lista er ikkje uttømmmande.

## 2.3 Medverknad

Plan- og bygningslova kap. 5 omhandlar medverknad. Planprosessen skal legge til rette for god medverknad. Innbyggjarane skal ha moglegheit til å komme med sine synspunkt og delta i utforminga av planen gjennom aktiv deltaking. Det vert viktig at aktuelle (eksterne) fagområde som til dømes politi, lag og organisasjonar nasjonalt, regionalt og lokalt skal ha høve til å uttale seg. Opplegget for medverknad er i dette planarbeidet tenkt todelt:

- Internt i kommunale administrative og politiske organ
- Eksternt, gjennom høyringar, aktivitet og møte med barn, unge, foreldregrupper og interessegrupper innafor dei ulike tema.

### 2.3.1. Mål for medverknad i planarbeidet

Kommunen ønskjer å skape merksemd og kjennskap om det pågåande planarbeidet og målsettingane for prosessen. Det vil vere viktig å gi informasjon, men korleis og på kva tidspunkt dette skjer har betydning for kva engasjement ein klarer å skape rundt planarbeidet og eigarskapen til det ferdige (styrings)verktøyet planen skal vere.

**Tabellen under syner oversikt over aktuelle aktørar, arenaer, metode og verktøy som kan vere relevante for medverknad i planarbeidet . Listene er ikkje uttømmende.**

Aktørar:	Arenaer:	Metode / verktøy:	Mål:
Barn 3-18	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehage</li> <li>• Skule</li> <li>• Bokbuss</li> <li>• Sosiale mediar/digitale plattformer</li> <li>• Arbeidsverkstader</li> <li>• FAU</li> <li>• Helsestasjon</li> </ul>	<p><b>Kvalitative metodar som kan vere aktuelle:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Intervju               <ul style="list-style-type: none"> <li>- 1:1 (Barnevern, tverrfagleg teneste, Helsestasjon ol.)</li> <li>- Gruppeintervju (t.d. i bokbussen)</li> <li>- Fokusgrupper</li> </ul> </li> <li>• Arbeidsverkstad</li> <li>• Digitale fortellingar</li> <li>• Dramatisering</li> <li>• Barnetråkk</li> <li>• Swot-analyse</li> <li>• Kahoot</li> <li>• Digitale plattformer der barn og unge er aktive</li> </ul> <p><b>Kvantitativ metode:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Spørjeundersøkingar digitalt/questback. (Plangruppa på skulen kan lage undersøking.)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informere og orientere om planen</li> <li>• Innhenting av informasjon til planarbeidet</li> <li>• Opplæring i demokrati og prosess</li> <li>• Forankre planen og få eigarskap og etterbruk av planen som styringsverktøy</li> </ul>
Unge vaksne 19-25			
Ungdomsråd og elevråd			
Foreldre, føresette og familiar			
Gravide			
Lærarar, barnehagelærarar og assistentar i skule og barnehage			
Profesjonelle tenesteleverandørar som for eksempel familievernkontor, spesialisthelseteneste, helsestasjon, NAV			
Vaksne som deltek/har ansvar i lags- og organisasjonsarbeid for barn og unge			
FAU			
Politi			

## 2.4. Handlingsdel

Kommunedelplanen for oppvekst skal ha ein handlingsdel som skal vurderast og eventuelt reviderast årleg. Handlingsdelen skal synleggjere kva for tiltak som skal setjast i verk for å nå dei måla som er fastsett i kommunedelplanen. Prioriteringane i handlingsdelen til Oppvekstplanen må innarbeidast i kommunen sin Økonomiplan og budsjett.

## 2.5. Organisering

Planprogram for «Kommunedelplan for oppvekst i Osterøy kommune 2017-2027» skal på høyring og offentleg ettersyn tidleg 2017 og vedtakast tredje kvartal 2017. Utover vinteren og våren 2017/2018, vil ein utarbeide planforslag som skal til førstegongs handsaming og offentleg ettersyn i løpet av 2018.

### ORGANISERING AV PROSESSEN OG PLANARBEIDET JAMFØR HS-SAK 095/16

<b>Vedtaksorgan:</b>	Heradstyret
<b>Styringsgruppe:</b>	Rådmannen si strategiske leiargruppe med spesialrådgjevar for skule og spesialrådgjevar barnehage
<b>Prosjekteigar:</b>	Sektorleiar OUK (oppvekst, undervisning og kultur)
<b>Prosjektleiing:</b>	Sektorleiar OUK, Leiar for familiens hus, medarbeidar plan

**Prosessleiing og støttefunksjon:** Planavdelinga

**Prosjektgruppe:** Gruppe samansett av relevante fagpersonar tilsett i kommunen (inkludert kompetanse frå plan som vil sikre tett samarbeid opp mot samfunnsplanen, støtte planarbeidet og rettleie prosessarbeidet).

- Psykolog for barn og unge i Osterøy kommune
- Barnehagelærer, Lonevåg barnehage
- Rektor, Osterøy ungdomsskule
- Rektor, kulturskulen
- Sektorleiar, oppvekst, undervisning og kultur
- Planleggjar, planavdelinga
- Leiar, planavdelinga
- Lærer, Lonevåg barneskule
- Leiar, Familiens hus

**Politisk arbeidsgruppe:** Utval av 5 Heradstyremedlemmer.

- Kari Mjøs, KrF
- Lars Fjeldstad, Sp
- Tone Mjelde, Ap
- Johannes Bysheim, Ap
- Gunnhild Tyssebotn, FrP

## 2.6. Framdrift

Milepelsplan/venta framdrift.

<b>Aktivitet/milepæl</b>	<b>Tid</b>	<b>Handsaming/ansvar</b>
Oppstartsvedtak og fastsetting av politisk arbeidsgruppe	07.12.2016	HS
Ferdigstille framlegg til planprogram	April 2017	Prosjektgruppa
Høyring og off. ettersyn	6 veker Mai 2017	
Justering planprogram		Arb.gruppe
Vedtak planprogram	November	FS / HS
Utarbeiding av planforslag	2018	Prosjektgruppene
Planarbeid med temabolkar og møter		
Eksempel Tema / møte		
1.gongs handsaming	2018	FS
Høyring og off. ettersyn	6 veker	
Ev. justering av planforslag		Prosjektgruppene
Endeleg vedtak	2018	FS / HS